



Reknes Byggjevarer LI
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17521 - 20/71327

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 343/4 Ryland

Tiltak: Riving av veksthus
Byggjestad: Gbnr: 343/4
Tiltakshavar: Einar Danielsen
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer LI

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.10.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen kan ikkje godkjenne tiltakshavar for ansvarsrett for PRO miljøsanering og UTF for riving om miljøsanering som sjølvbyggjar. Dette inneber at de må finne eit føretak som kan stå ansvarleg for riving av veksthusa med areal på 1500 m². Tiltakshavar kan søke som sjølvbyggjar for riving av driftsbygg, veksthus med bruksareal på inntil 1000 m², jf. SAK § 3-2.
2. Erklæringar om ansvarsrettar med oppdatert gjennomføringsplan må sendast til kommunen før vi kan handsame søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsmønstering vert sendt inn samla innan **11.12.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Danielsen	Ryland 77	5917	ROSSLAND
-----------------	-----------	------	----------

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND
-----------------------	-------------------	------	-----------